

Saksprotokoll

Formannskapet og
næringsutvalet

10.06.2020

Sak: 66/20

Tittel: Saksprotokoll - Tilskot hjortegjerde gnr. 81/1 Bård Flattun Lilleeng
Arkivsak: 18/841

Behandling:

Per Steinar Sviggum fekk permisjon og deltok ikkje i handsaming av saka.
Anette Stegegjerdet Norberg tok opp sin habilitet knytta til vennskap med søkar/søkar si kone. (jf fvl. §6 andre ledd.)

Formannskapet sa ASN habil til å delta i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

I medhald av det kommunale viltfondet § 5a, får Bård Flattun Lilleeng utbetalt tilskot tilsvarande 75 % av godkjent materialkostnad. Maksimalt utbetaling er inntil 75 kr pr. m gjerde, portar inkludert. Tilskotet blir utbetalt i etterkant på grunnlag av framlagd dokumentasjon og sluttsynfaring. Den samla prosjektramma er på 77 201 kr, og øvre ramme tilskot blir på kr 57 901.

Med tilskotet fylgjer desse vilkår for hjortegjerdet:

- Gjerde skal ha ei høgd på minimum 1,90 m. Dersom det vert nytta to høgder med husdyrnetting må desse festast saman til dømes ved hjelp av streng
- Det er krav om topp og undertråd. All streng, tråd og kramper skal vera galvaniserte
- Stolpe av tre skal vera trykkimpregnerte og minimum 8 cm i dimensjon. Til hjørnestolp bør grovare dimensjonar nyttast saman med bardunar.
- Stolpeavstanden skal ikkje vera vesentleg meir enn to meter, med mindre ein brukar kraftige typar viltnetting som tåler hardt strekk utan å verta deformert. Ved bruk av slik viltnetting kan ein ha ein stolpeavstand på 3-6 meter under føresetnad at hjørne, knekkpunkt og portstolpar vert dimensjonerte for å tåla større påkjenningar.